



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Tussa Energi AS  
Langemyra 6  
6150 ØRSTA

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Vår dato: **25 JUN 2009**  
Vår ref.: 200703397-28 ki/auko  
Arkiv: 312/097.322Z  
Dykkar dato: 2.3.2007  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Auen Korbøl  
22 95 93 44

Org.nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

7694 05 88971

## **Tussa Energi AS – Søknad om løyve til bygging av Draura og Viddal kraftverk i Viddalselva, Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke - oversending av NVE sitt vedtak**

Vi syner til dykkar søknad datert 02.03.2007.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Draura og Viddal kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova. Der er ikkje gitt løyve til overføring av Tverrelva sør til inntaket til Draura kraftverk.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI - notat 57/2009 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Draura og Viddal kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVEs sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Randi Holme i Seksjon for miljøtilsyn og Ove Møll i Seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleiing 1/2008 "Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein måned i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på [www.toll.no](http://www.toll.no). Meir informasjon kan fåast ved å vende dykk til næraste tollstad.

Med helsing

  
Øystein Grundt  
seksjonssjef  
Auen Korbøl  
overingeniør

Vedlegg: 2      Vassdragskonsesjonar for Draura kraftverk og Viddal kraftverk  
KI-notat 57/2009

Kopi:            Ørsta kommune, Dalsvegen 6, 6150 ØRSTA  
Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
Kystverket Vest, Postboks 466 Sentrum, 5501 HAUGESUND  
Statens vegvesen - Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
Norges Naturvernforbund i Ørsta/Volda v/Knut Festø Egset, 6100 VOLDA  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal Co/ Øystein Folden, 6630 TINGVOLL